

**Avtale**  
**mellom**  
**Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika**  
**Næringspark AS og Gulen kommune**  
**om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til**  
**Skipavika i Gulen kommune**

**1. Partane**

Partane i denne avtalen er:

Sogn og Fjordane fylkeskommune      org.nr: 941 388 841

Gulen kommune                              org.nr: 938 497 524

Skipavika Næringspark AS              org.nr: 998 282 322

**2. Grunnlaget for avtalen**

Denne avtalen er utarbeidd med grunnlag i vedtak i fylkestinget 26. april 2017 i FT-sak ??/17, og vedtak i kommunestyret i Gulen 3. mai 2017 i sak ??/17.

**3. Formål med avtalen**

Denne avtalen skal sikre finansiering og utbygging av ny veg til Skipavika i Gulen kommune.

**4. Ansvarsforhold**

Skipavika Næringspark AS skal vere oppdragsgjevar og ha byggherreansvaret for prosjektet etter delegert mynde frå fylkeskommunen.

Skipavika Næringspark AS skal i samarbeid med Statens vegvesen utarbeide kunngjering/anbudsgrunnlag og tildele kontrakt i samsvar med regelverk om offentlege anskaffingar.

Skipavika Næringspark AS er ansvarleg for at ny veg vert bygd etter gjeldande handbøker/vegnormalar i Statens vegvesen med sikte på at vegen skal klassifiserast som fylkesveg. Eventuelle fråvik frå vegnormalane skal behandlast og godkjennast av fylkeskommunen.

Skipavika Næringspark AS har ansvar for at det vert underskrive ei gjennomføringsavtale med Statens vegvesen før oppstart av byggearbeidet. Krav til ferdigveg dokumentasjon skal vere ein del av denne avtalen.

Skipavika Næringspark AS er ansvarleg for alle kostnader til opparbeiding av ny veg til Skipavika. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune sitt bidrag til finansiering er omtalt under i pkt. 5.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune sitt økonomiske ansvar etter denne avtalen er avgrensa til å yte tilskott i tråd med vedtaka i dei respektive politisk organ, jf. ovanfor.

Før tiltak i terrenget kan starte opp skal det føreligge teknisk plan (igangsettingsløyve) frå Gulen kommune.

## 5. Økonomi og finansiering

Skipavika næringspark skal gå ut i marknaden og etterspørje tilbod om totalentreprise med ei maksimal ramme på 18 mill. kr ekskl. mva. Det skal takast atterhald om finansiering.

Kvar av partane i avtalen forpliktar seg til å yte lik del på inntil 6 mill. kr til finansiering av prosjektet, tilsaman inntil 18 mill. kr. Dersom prosjektet vert billegare enn maksimal ramme skal tilskota frå partane reduserast tilsvarande, men fortsatt slik at partane yter like store tilskott.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune skal utbetale tilskottet på inntil 6 mill. kr kvar til Skipavika Næringspark AS.

Tilskottet skal utbetalast til Skipavika Næringspark AS etter følgjande plan:

Part/Dato	15.05.2017	15.08.2017	15.11.2017
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1,5 mill. kr	2,0 mill. kr	2,5 mill. kr
Gulen kommune	1,5 mill. kr	2,0 mill. kr	2,5 mill. kr

Utbetalingsplanen er basert på oppstart av anleggsarbeidet i mai 2017 og 8-9 mnd. byggetid. Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune kan krevje endring i betalingsplanen dersom framdrifta i prosjektet vert vesentleg endra i høve til dette.

Skipavika Næringspark AS ha ansvaret for å dekkje dei løpande mva. kostnadane undervegs i prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal refundere Skipavika næringspark sin kostnad med meirverdiavgift i prosjektet over 10 år rekna frå overføringstidspunktet, jf. eigen avtale om justeringsrett.

## 6. Risiko

Skipavika Næringspark AS har ansvaret for å dekkje eventuelle overskridingar i prosjektet uavhengig av kva som er årsak til overskridinga. Dette gjeld også dersom Skipavika Næringspark AS inngår kontrakt som overstig 18 mill. kr ekskl. mva.

Skipavika næringspark har ikkje høve til å sette fram regresskrav mot Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune for eventuelle erstatningsansvar dei pådreg seg i forbindelse med prosjektgjennomføringa før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek vegen.

Skipavika Næringspark har ansvar for alle kostnader knytt drift og vedlikehald på ny veg fram til vegen er overteken av Sogn og Fjordane fylkeskommune som fylkesveg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune pliktar ikkje å overta vegen før den tilfredstillar krava til fylkesveg.

Grunnerverv skal vere avslutta før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek vegen.

Skipavika Næringspark AS har ansvar for reklamasjonar og garantiar i garantiperioden.

## 7. Andre forhold

Skipavika Næringspark AS har ansvar for og har inngått avtalar om avståing av grunn. Gulen kommune skal gjennomføre kartforretning.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal ha kopi av avtalar som er inngått med grunneigarar før oppstart av anlegget.

## 8. Overtaking av ny veg og omklassifisering av eksisterande veg

Ny veg til Skipavika skal etter ferdigstilling overførast vederlagsfritt til Sogn og Fjordane fylkeskommune og klassifiserast som fylkesveg.

Skipavika Næringspark har ansvar for at all dokumentasjon knytt til prosjektet vert overlevert til Sogn og Fjordane fylkeskommune før overtaking.

Skipavika Næringspark AS pliktar og overlevere justeringsoppstilling i samsvar med forskrift før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek vegen som fylkesveg, jf. avtale om justeringsrett.

Når ny veg er teken opp som fylkesveg skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaien er på overføringstidspunktet.

### **9. Lønns- og arbeidsvilkår i offentlege avtalar**

Skipavika Næringspark AS pliktar å sjå til at regelverket om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege avtalar vert følgt i prosjektgjennomføringa.

Etter forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege avtalar gjeldande frå 1.3.2008 er det forbod mot sosial dumping i offentlege innkjøp, her under krav til arbeidsstandardar og forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakarane skal vere sikra normale lønns- og arbeidsvilkår. Dette gjeld også for arbeidstakarar hjå eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle avtalen.

På område dekkja av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkår vere i samsvar med gjeldande forskrifter.

På område som ikkje er dekkja av slik forskrift, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

### **10. Konflikt**

Partane sine rettar og plikter etter avtalen vert bestemt i sin heilskap av norsk rett.

Usekje om verknad, innhald eller gjennomføring av denne avtalen skal prøvast løyst ved forhandlingar. Fører ikkje forhandlingane fram, kan kvar av partane krevje saken avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Partane vedtek Sogn Tingrett som verneeting.

### **11. Statusmøte**

I samband med oppfølging av avtalen kan det etter behov haldast statusmøte. Skipavika Næringspark AS har ansvar for å kalle inn til slike møte.

### **12. Tidsfristar**

Dersom prosjektet ikkje vert ferdigstilt i løpet av 2018 kan Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskottet frå Skipavika Næringspark AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si plikt til å refundere Skipavika Næringspark AS sin kostnad med meirverdiavgift i prosjektet etter denne avtalen, fell også bort ved overskriding av denne tidsfristen.

### **13. Signatur**

Denne avtalen er skriven ut i 3 eksemplar, der dei underskrivne partane beheld eitt kvar.

Leikanger

Dato: 26.04.2017

---

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Gulen kommune

Skipavika Næringspark AS

## **Vedlegg**

Avtale om overdraging av justeringsrett og -plikt ved overdraging av veganlegg – veg til Skipavika i Gulen kommune

UTKAST